

## MØTEREFERAT

Tema:	Ny landkommune
Dato/Stad	Storfjord Hotel, 8. til 9. mars 2016, kl 12:00 til 12:00
Møteleiar:	Erlend Krumsvik, rådgjevar Sunnmøre Regionråd
Referent:	Erlend Krumsvik, rådgjevar Sunnmøre Regionråd
Oppmøte:	Arne Sandnes, Ordførar, Norddal kommune (ikkje 9. mars) Per Magnus Berdal, Varaordførar, Norddal kommune Viktor Valdal, Formannskapsmedlem, Norddal kommune Tor Helge Stavdal, Rådmann, Norddal kommune (ikkje 9. mars) Regine Bruteig, Kommunereformkontaktperson, Skodje kommune Dag Olav Tennfjord, Ordførar/leiar, Skodje kommune Bente Glomset Vikhagen, Rådmann, Skodje kommune Kari Grindvik, Formannskapsmedlem, Skodje kommune Terje Vadset, Formannskapsmedlem, Skodje kommune Eva Hove, Ordførar/nestleiar, Stordal kommune Bjørn Ove Olsen, Formannskapsmedlem, Stordal kommune Palma Øvrebust, Formannskapsmedlem, Stordal kommune Anne Berit Løset, Rådmann, Stordal kommune Karen Simonnes Aanes, Ordførar, Ørskog kommune Synnøve Vasstrand Synnes, Rådmann, Ørskog kommune Geir Peter Aure, Varaordførar, Ørskog kommune
Forfall	Kjersti Ruset Hjelle, Varaordførar, Stordal kommune
Observatør	Ingvild Liadal, Sunnmøre Regionråd IKS Jan Kåre Aurdal, Sunnmøre Regionråd IKS
Vedlegg	

## Dagsorden

1. Gjennomgang av gjeldande utkast til intensjonsavtale
2. Gjennomgang av notat frå ad hoc gruppa på økonomi
3. Dagsorden 8. mars
  - a. Val av endeleg kommunenavn
  - b. Samfunnsutvikling
  - c. Demokrati
  - d. IKT og digitalisering
  - e. Drift av kommunale eigedomar
  - f. Økonomi knytt til kultur
  - g. Korleis skal ein handtere interkommunale tenester
  - h. Anna?
  - i. Middag kl 19:30
4. Dagsorden 9. mars
  - a. Oppstart kl 08:00
  - b. Avslutte forhandlingspunkt før kl 10:00
  - c. Kritisk gjennomgang av intensjonsavtalen
  - d. Behov for informasjonsstøtte fram til 17. mai 2016 frå Sunnmøre Regionråd?
    - i. Vil fordre ein ressurs frå kvar kommune.
  - e. Behov for støtte frå Sunnmøre Regionråd i prosessen vidare
    - i. Særleg med tanke på hausten

## Tysdag 8. mars 2016

- **Gjennomgang av gjeldande utkast til intensjonsavtale**

### Basistenestane

Basistenester som er knytt... skal tilpassast dei økonomiske rammene i den nye kommune. Forslag om å ta vekk teksten om servicetorg.

### Lokalisering av ikkje stadbundne tenester:

Ein skal etterstrebe distriktspolitiske virkemiddel med plassering av arbeidsplassar, men når desse kjem i strid med økonomiske stordriftsfordelar skal økonomiske prinsipp leggjast til grunn.

Infrastrukturprosjekt

Stordal

- Gang- sykkelveg Øvrebust til Mo

Oppstart fellesnemnd manglar i dokumentet.

- **Gjennomgang av notat frå ad hoc gruppa på økonomi**

### Omforeint løysing

Signala i det nye inntektssystemet tilseier at kommunen må arbeide for å effektivisere både basistenester og administrasjon. I tillegg vil ein måtte harmonisere skattar og avgifter i heile den nye kommunen, og ta høgde for framtidig bortfall av rammeoverføring.

Økonominotatet frå ad hoc gruppa skal ligge ved intensjonsavtalen som vedlegg.

Bestilling til ad hoc gruppa:

- Anslagsvis innsparing på politisk leiing og administrasjon
- Utarbeide endeleg notat etter reviderte KOSTRA-tall ca. 18. mars. Ein vil ha med både 2014 og 2015 talla. Ta med ein tekst om forbehold om kvaliteten i tala.

- **Val av endeleg kommunenavn**

Arbeidstittel er tidlegare satt til «Storfjord kommune».

Omforeint løysing:

Arbeidstittelen blir overført til fellenemnda å ta vidare.

- **Samfunnsutvikling**

~~Tema er å forstå som: Næringsutvikling, infrastruktur (vegar/digitalisering), bustadbygging og næringsareal, samfunnsplanlegging i vidaste forstand, tettstadsutvikling.~~

Overordna planlegging for samferdsel, kollektiv og arealplanlegging. Legge til rette for auka kollektivandel, for å redusere bilbruken.

Det vil vere behov for plansamarbeid mot nabokommunar i felles bu og arbeidsmarknadsregion, særleg arealplanlegging, kollektivsatsing og transportsystem generelt.

Det er eit ønske om å skape ein felles identitet som gjer kommunen attraktiv som busettingskommune.

- **IKT og digitalisering**

Stordal kommune er i dag ikkje del av det interkommunale samarbeidet på IKT. Ein del av omstillingsmidlane vil gå til å få denne administrasjonen opp på same plattform som dei øvrige tre kommunane.

Det er ein klar ambisjon av dialogen mellom kommunal administrasjon og innbyggjarar/næringsliv skal lettast gjennom digitale løysingar. Ein skal leite etter gode løysingar på tenesteleveransen, der ein skal søke å ta i bruk ny teknologi som gir effektiviseringsgevinstar.

Dette kommunereformprosjektet vil fortsatt vere avhengig av eit interkommunalt samarbeid, eller ha ein ekstern aktør som leverar dei digitale tenestene kommunen har behov for. Det vil vere naturleg at fellesnemnda ser til arbeidet i eKommune Sunnmøre.

I dei delane av kommunen der det ikkje i dag er utbygd breiband til næringsliv og innbyggjarar. Trekkerør skal leggest så ofte ein kan når grøfter gravast. Det er også ein ambisjon å legge fram breiband til dei som det ikkje er kommersielt lønnsamt.

- **Økonomi knytt til frivillige lag og organisasjonar**

Bruk av offentlege bygg av frivillige lag og organisasjonar.

- Alt som ikkje er kommersielt skal kunne ha fri bruk av kommunale bygg.

Tilskudd til frivillige lag og organisasjonar. Felles policy.

Kulturskule (knyttast til basisteneste):

Prøve å hente ut gevinstar av den samla kompetansen innanfor kulturskulane i dei gamle kommunene. Bruk av den samla kompetansen i kulturskulen skal sjåast i samanheng med desentralisert tenesteleveranse. I spesielle tilfeller krevest likevel særskilt tilrettelegging i faste lokaler eller faste innstallasjonar.

- **Korleis skal ein handtere interkommunale samarbeid**

Ett av måla med kommunereforma er å etablere robuste fagmiljø som kan levere tenestar til innbyggjarar og næringsliv. Likevel vil den nye kommuna ikkje vere stor nok til å gå ut frå alle interkommunale samarbeid, og må vidareføre ein del av desse. Ved å redusere antall interkommunale samarbeid vil ein få meir politisk styring over tenestene, og betre grunnlag for tverrfagleg samarbeid.

Fellesnemnda må vurdere kva for interkommunale samarbeid ein skal vidareføre, og kva for samarbeid ein skal gjere om til ei kommunal teneste.

- Interkommunale samarbeid som er avgrensa til deltakarkommunane skal omorganisert som ei kommunal teneste, underlagt den nye kommunale organisasjonen.
- Interkommunale samarbeid som har med få andre kommunar skal vurderast om ein skal vidareføre samarbeidet eller etablere dette som ei kommunal teneste.

Store regionale samarbeid vil vere naturleg å vidareføre.

## Onsdag 9. mars 2016

Det var ikkje kome opp nye forhandlingspunkt på dette tidspunkt, og strek for forhandlingane vart satt.

Dei respektive kommunale forhandlingsutvala vart satt i gruppemøte for å jobbe seg gjennom intensjonsavtalen.

Forhandlingsgruppa arbeida seg gjennom avtaleteksten og utførte dei nødvendige korrigeringar i avtaleteksten. Kl 11:50 var ein omforeint avtale klar.

Denne vart oversendt skrivegruppa for språkvask og grafisk redigering.

- **Tilbod om støtte til informasjonsarbeid**

Ingvild Liadal, kommunikasjonsrådgjevar i Sunnmøre Regionråd, presenterte korleis ein jobbar med informasjonsarbeid i kommunereformprosjektet «Regionkommune Sunnmøre». Dette kommunereformprosjektet fekk tilbod om tilsvarande støtte, men som føresetning at alle deltakarkommunane kan stille med ein ressurs i arbeidet.

Forhandlingsgruppa vart einige om å ta intern kommunal diskusjon på dette, og melde evt. interesse i signeringsmøtet i Norddal kommune.

- **Vidare støtte frå Sunnmøre Regionråd**

Det vart kort diskutert evt. behov for vidare støtte frå Sunnmøre Regionråd ut over hausten 2016, då dei ulike kommunereformprosjekta tek form. Ein kunne ikkje svare direkte på dette i møtet, med på generelt grunnlag vart det gitt signal om behov for støtte til vidare arbeid.

- **Neste møte**

Signeringsmøte i Norddal kommune blir torsdag 17. mars kl 11:00. Sunnmøre Regionråd sender ut pressemelding i forkant av møtet, og det er forventat at ordførarane seier nokre ord.

I dette møtet blir det også avklara om ein ønsker støtte til informasjonsarbeidet.

## **Ad hoc grupper**

Ad hoc gruppa blir vidareført på økonomi, med bestilling om å levere eit ferdig notat til intensjonsavtalen. Det var litt behov for redigering i dokumentet, samt at ein ynskjer ein KOSTRA-tabell med både 2014 og 2015 tall. Denne har ikkje leveringsfrist før veka etter Påske, grunna publiseringstidspunktet for oppdaterte KOSTRA-tall.

Møtet slutt 12:00